

Voss Hang Og Paraglider Klubb

Protokoll fra Styremøte 6/2026 - Førebuing sommar



Sted: Vangsgata 45
Dato: 27. april 2026, 18:00
Deltakere: Malene Hetle Hole (daglig leder og styresekretær), Gaute Hvidsten (styrets leder), Jon Ingemar Gjerde (styremedlem), Siv Mona Sve Edvardsen (styremedlem), Henrik Nyhus (varamedlem) og Janne Berit Stokke (varamedlem)
Deltok ikke: Renate Fossmark Pedersen (styrets nestleder) og Kristian Backer (styremedlem)
Møteleder: Gaute Hvidsten

Alle de formelle krav til innkalling og antall deltakere er oppfylt. Styrebehandlingen ble gjennomført som et møte.

1. Godkjenning av innkalling og agenda - Beslutning

Innkalling og agenda til styremøtet ble lagt frem for godkjenning.

Det ble fattet følgende vedtak:

Innkalling og agenda til styremøtet godkjennes.

2. Godkjenning av protokoll fra forrige styremøte - Beslutning

Protokoll fra forrige styremøte ble gjennomgått og godkjent etter en kort diskusjon.

Det ble fattet følgende vedtak:

Protokoll fra forrige styremøte godkjennes.

3. Status organisasjon, aktivitet og kompetanse - Informasjon

4. Lov Voss HPK 2026 - Beslutning

Det ble fattet følgende vedtak:

Henrik går gjennom lova for framlegg til neste møte.

5. Leigekontrakt VFSK - Beslutning

Innspel om at prisen er sett til eit realistisk nivå og innhaldet ivaretek begge klubbane, ønskt forutsigbarhet og vidare utvikling.

Det ble fattet følgende vedtak:

Styret vil godkjenne avtalen betale første halvår, med forbehold om at det blir gått gjennom avtalen på nytt etter at Bømoensaka er avklara.

6. Kandidat vekostyre - Beslutning

Malene orientera om historikk i prosessen til no, kven som sit i verva og har hatt verva tidlegare.

Malene blir foreslått som ein aktuell kandidat, og svarar på spørsmål om tilnærming, verdiar og motivasjon. Det kjem spørsmål frå styre om nokon av dei tidlegare representantane er motiverte for å sitje i verva. Styre er einige om at det er viktig å sikre ei tydeleg lokal forankring i tillegg til kontinuitet. Dermed forslag om at det kan vere ein god kombinasjon å høyre med tidlegare medlemmar Morten og Lars i tillegg til Malene.

Gaute ringte Morten, han var ikkje framand for å sitte i styret men vil at Lars skal få spørsmålet først. Gaute pratar med Lars. Positiv til å sitte i styret om styret ønsker det. Formidla også at det kunne vere aktuelt for han å sitje i nokon år, men å halde fast på å la yngre krefter sleppe til.

Vidare forslag om at Lars eller Morten kan sitje som representantar for å sikre kontinuitet.

Det kjem i same forbindelse ynskje om at klubben har fast sak om Ekstremsportveko og relevante saker på klubbens agenda for å ha innsikt og innverknadskraft. Det kjem innspel om at det er viktig at Veko inkludera lokalsamfunnet, utøvera og utøvera under 18 år. I tillegg vil klubbstyret ha meir innsikt i Ekstremsportveko sin økonomiske situasjon og rekneskap.

Det ble fattet følgende vedtak:

Styret gjer vedtak på Malene som styremedlem og Lars som varamedlem til Vekostyret.

7. SIV kurs 2026 - Beslutning

Modellen, spesielt ved kostnad vert diskutert og påpeika at det er auka kostnad til instruktørar og auka pris for deltakarar. Ved gjennomføring er det ein føresetnad at vi får med lokale instruktørkandidatar som hjelparar. Etter diskusjon er det einigheit om at det er behov for utdanning og at styre eintydig vil gå for denne modellen og lære mest mogleg av gjennomføringa, evaluere og bruke årets erfaringar for planlegging av neste års kurs.

Det ble fattet følgende vedtak:

Styret godkjenner plan for gjennomføring med dei rammene som ligg føre, føresett at lokale instruktørkandidatar blir prioritert for utdanning mot SIV-instruktør.

8. Tandempilot 2026 - Beslutning

Sjekk opp definisjon og skilnad på tandempilot, tandeminstruktør og tandemeksaminator. DL tar avsjekk med Trond ang. konvertering. Elles er det framhald av at lokale pilotar har prioritet for flyging på Voss, og klubben kjem ikkje til å gå aktivt ut for å hente inn pilotar utanfrå.

Det ble fattet følgende vedtak:

Styret er orientert om saka og godkjenner at dagleg leiar ilag med sikkerhetsgruppa si vurdering kan godkjenne at piloten flyr i regi av klubben i sommar, dersom det blir vurdert at kandidaten er godt passande etter vidare samtalar.

9. Status båtgruppe - Beslutning

Det har vore mykje innspel og diskusjon i gruppa.

Krav som gruppa har sett er kunne dra opp to bevisstause personar i ein båt. Det går ikkje med ein liten båt tilsvarende dei vi har no.

Frå båtgruppa

Ynskje om å behalde oransje båt pga. den er lett handterleg.

Ang. Stor båt

- ikkje alle kan køyre den
- spørsmål kring fortøying
- motor: vanleg 60 hestar 100 000 kr, eller gjerne med vannjet som kan vere eit sikrere system (vanskeleg å få tak i) 150 000 kr. Gruppa har ikkje landa type motor enda.
- Behov for brygge

Konsensus frå gruppa at det er ein god ide med ein slik båt. Trengs flytebrygge med landgang på sikt. Ein stor båt som er bemanna er ein godt tryggleikstiltak ilag med ein mindre, lett handterleg "naudbåt".

Innspel frå styret

- Er det behov for stor båt, i kva situasjonar?
- Behov for gode system for bruk og opplæring
- Båtførerprøven: sjekk opp i regi av klubb.
- Ønsker å støtte båtgruppas anbefaling

Det ble fattet følgende vedtak:

Styre stiller seg bak båtgruppas avgjørelse ang. plan for to fungerande redningsbåtar, ved type båt og motorar. Mandat til å gå i bestilling med tre styremedlemmar i båtgruppa og rapportere tilbake til styret.

10. Fastsette årsplan for styrets arbeid - Beslutning

Forslag til årsplan ble diskutert. Etter noen justeringer ble årsplan for kommende 12 månedersperiode som er lagt inn i styreportalen godkjent.

Det ble fattet følgende vedtak:

Det vert sett ein dato for samarbeidsmøte med sikkerhetsgruppa vår 2026.
Forslag til årsplan godkjennes.

11. Framlegg logolink - Diskusjon

Tilbakemelding frå styret er enkel framstilling.

- Voss, HPK, tre fargar,, paraglider og fjell
- Lett gjenkjenneleg, stilisert PG
- Lønahorgi
- Treng ikkje årstal?
- Fargar: svart, gul og blå?
- Vatn?

Det blir gitt tilbakemelding og jobba vidare med mot neste møte.

Det var enstemmighet i alle avstemningene.

27. april 2026

Gaute Hvidsten

Gaute Hvidsten




Jon Ingemar Gjerde

Jon Ingemar Gjerde





Siv Mona Sve Edvardsen







Malene Hetle Hole




Renate Fossmark Pedersen



Kristian Backer



Henrik Nyhus



Janne Berit Stokke

